



Møteprotokoll for Teknisk utval

Møtedato: 17.10.2023
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 15:45 - 18:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Stian Søvik	Sp	Utvalsleiar
Atle Nordland	H	Medlem
Lillian Andvik	Krf	Medlem
Britt Inger Myhr	AP	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Olav Ørjan Daae	Frp	Nestleiar

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Teknisk sjef Roald Kvingedal, konsulent Ottar Myrtveit og sakshandsamar Jan Kvingedal som førte møteboka.

Sakliste

Saknr	Tittel
023/2023	Godkjenning av innkalling og sakliste
024/2023	Godkjenning av møtebok
025/2023	Melding om politisk vedtak - Søknad om frådeling av stølshus gbnr. 50/ 1,2
026/2023	Delegerte saker
027/2023	Referatsak

023/2023: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

17.10.2023 TEKNISK UTVAL

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

TU - 023/2023 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent

024/2023: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

17.10.2023 TEKNISK UTVAL

Møtebok etter forrige møte i TU er førebels ikkje sendt ut

TU - 024/2023 VEDTAK:

025/2023: Melding om politisk vedtak - Søknad om frådelling av stølshus gbnr. 50/ 1,2

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Teknisk utval syner til plan- og bygningslova §19-2 og avslår søknad om frådelling av grunn til stølshus på gbnr. 50/1 og 50/2

Grunngjeving: Tiltaket ligg i eit område i kommuneplan for Masfjorden 2018-2030 avsett til LNFR-område og tiltaket vil då ikkje vera i samsvar med planformål. Ei evt. frådelling vil kunna gje presedens for handsaming av likande tilfeller, då dei alle fleste av stølshusa i kommunen og mange hytter er oppført i område avsett til LNF og der grunnen ligg i felleseiga mellom fleire bruk. Løyve til frådelling vil kunna medføra påfylgjande søknad om utviding/ opprusting og eksisterende stølsområder i fjellet vil då kunna mista det preget dei har i dag og endra seg meir i retning av hytter, noko ein ikkje ynskjer.

Heimel: Plan- og bygningslova §19-2 og kommuneplan for Masfjorden kommune 2018-2030.

17.10.2023 TEKNISK UTVAL

Saka vart drøfta. Det vart stilt spørsmål om kva det andre bygget som låg igjen like ved den seterbua som er søkt frådelt er for noko. Adm. fekk i oppdrag å undersøkt rundt dette.

Nokre medlem såg det som uproblematisk å skilja i frå då dette ikkje låg i eit etablert setermiljø, men åleine. Andre var meir skeptisk pga. at dette kunne skapa ein presedens.

Utvalet samla kom fram til at saka skulle utsettast.

Framlegg om at saka skulle utsettast vart samrøystes (4 røyster) vedteke,

TU - 025/2023 VEDTAK:

Saka vert utsett til det vert klargjort kva for bygg som står igjen ved den seterbua som er søkt frådelt, og kva funksjon dette bygget har.

026/2023: Delegerete saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerete saker vert tekne til orientering

17.10.2023 TEKNISK UTVAL

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

TU - 026/2023 VEDTAK:

Delegerete saker vert tekne til orientering

027/2023: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

17.10.2023 TEKNISK UTVAL

Det vart ikkje lagt fram referatsaker i møte.

TU - 027/2023 VEDTAK:

Rett utskrift frå møteboka frå Teknisk Utval 17.10.23 vert vitna:

Stian Sjøvik
leiar

Jan Kvingedal
møtesekretær